

UD 22.4.97.

BJØRNCONFESTIVALEN

Svær festival

Wole Soyinka, Yasir Kemal, Margit Sandemo og Terje Rød-Larsen kjem til Bjørnsonfestivalen i Molde.

Den 29. juni skal den forfølgde nigerianske nobelprisvinneren Wole Soyinka opna festivalen. Saman med elleve andre dissidentar vart Soyinka i vår sikt for høgforræderi av regimet i landet. I dag bur den nigerianske forfattaren i USA. Nyleg vart han valt til leiar for det internasjonale forfattarparlamentet i Strasbourg, etter Salman Rushdie.

Også i fjor retta Bjørnsonfestivalen sokjelyset mot tilhøva i Nigeria, eit land der oljeinteresser på ein blodig måte vert sett opp mot yttringsfridom og naturvern.

På Bjørnsonfestivalen skal Wole Soyinka opptre i Molde Domkirke i ein solidaritetskonsert saman med Åse Kleveland, Erik Bye, Annbjørg Lien, Sigvard Dagsland, Ketil Bjørnstad og biskop Odd Bondevik, med Henning Sommero som kapellmeister.

Yasir Kemal

Også den tyrkiske forfattaren Yasir Kemal opplever vanskar på heimebane. I fjor vart han dømd til 20 månaders fengsel på grunn av at han kritiserte den tyrkiske krigföringa mot kurderane i Sørøst-Tyrkia.

I tillegg til Woyinka og Kemal, kjem ei rekke andre utanlandske og norske forfattarar til Molde. Frå Sverige kjem både Sara Lidman og Kerstin Ekman. Frå Finland kjem Monika Fagerholm, som fekk internasjonal gjennombrot med «Vidunderlige kvinner ved vann», som kom på norsk i fjor.

Resten av lista er lang som eit godt år: Frå Frankrike kjem Alain Robbe-Grillet, ein kultfigur i moderne europeisk litteratur og film. Også USA er representert; denne gongen med Paul Auster og norskekari Siri Hustvedt som også er forfattar. Frå Russland kjem Andrej Bitov. Han er kjent som forfattaren av «Pusjkin-huset», som kom på norsk for nokre år sidan.

Sjølv sagt er også Island representert; denne gongen med Einar Kárason som blant anna er kjent for trilogien og filmatiseringa av «Djeveloya». Frå Danmark kjem Ib Michael som har hatt stor suksess med ein romantrilogi som vart avslutta med «Brev til månen» i fjor.

Latvia fremste lyrikar, Vizma Belsevica, er også påmeldt. For den som er interessert, finst diktsamlinga «Den hvite glemselet» på norsk. Frå Tyskland kjem Durs Grünbein som vann den høgtengjande Büchner-prisen i fjor.

Nye røyster

I eit eige program kalla «Nye stemmer i det norske huset» skal Erling Kittelsen presentera dei tre innvandrarførfattarane: Jamshed Masroor frå Pakistan, Muniam Alfaker frå Egypt og He Dong frå Kina. Det er lagt opp til både opplesing og samtale om situasjonen for innvandrarane i Skandinavia.

Blant dei norske forfattarane som kjem til Molde er Ingvar Ambjørnsen, Paal-Helge Haugen, Åse Marie Nesse, Thorvald Steen, Kjell Erik Vindtorn, Karsten Alnæs, Ann Kavli, Peter R. Holm, Terje Stigen, Liv Nordhaug, Rune Belsvik og Laila Stien.

Bilete og musikk

Også i år skal det vera rundebordskonferanse, og denne gongen skal det handla om vilkåra for yttringsfridom i Noreg og medias etiske ansvar.

Den tyske biletkunstnaren Kurt Schwitters skal profilera under årets festival. Det skal arrangerast ei utstilling av Schwitters landskapsbilete, det vert arrangert opplevelsesreise til Schwitters omgivnader på Hjertøya og det vert Schwitters-performance med Kjetil Skoien og Passage Nord.


Det er også lagt opp til urframføring av Henning Sommeros komposisjon til Bjørnsons «Salme».

Flere av festivalførfattarane har tilknytning til film, og ein rundebordskonferanse om film og litteratur står også på programmet.



EUROPA-TOPPEN: «Bjørnsonfestivalen vert no oppfatta som ein av Europas mest spennande», seier festivalpresident Knut Odegård. Kinesiske Jang Chang vitja festivalen i 1995. (Foto: Elisabeth Hagen)

HISTORIE



KJELDEGRANSKAREN: Auschwitz? Det er som ei mordsak utan våpen eller lik, meiner David Irving. (Foto: Scanfoto)

Skuldar på jødane

Holocaust er ei legende, halden opp av sterke kapitalinteresser, meiner David Irving.

SVEIN SÆTER

David Irving er «den fremste kildeskritikeren innen nazismens historie i dag», skreiv Hans Fredrik Dahl i Dagbladet. Da koke det over for historikarkollega Odd-Bjørn Fure. I stridsskriftet Kampen mot glemselet gav han Dahlstryk for stadig positiv omtale av Irving og bøkene hans. Fure karakteriserte Irving som «kjeldemannipulator og notorisk historie-forfalskar», ein mann som «abenektar dei mest terroristiske og menneskefiendtlege sidene ved den nazistiske staten».

Uforskamma kritikk

David Irving har gjort seg til talsmann og inspirator for gamle og nye nazistar. Hans Fredrik Dahl skil mellom privatmannen og historikaren Irving; sjølv om privatmannen har ekstreme holdningar, kan historikaren skrive «verdifulle» bøker om nazismen. Omrent så langt kom den norske Irving-striden i vinter.

No er David Irving intervjuet i sondagsmagasinet til avisas The Independent. Her seier han at han ønsker å tjerne noko av glansen som omgjev Holocaust, som han meiner er ei legende halden opp av sterke (jødiske) kapitalinteresser.

Men han må da akseptere at det som vart gjort mot jødane var gale, spor intervjuaren.

— Det ville vera temmeleg uforskamma av meg, som engelskmann, å begynne å dikttere det tyske folket. Eg har ikke

sett levebrødet mitt bli øydelagt av dei tyske forretningsbankane mellom dei to verdskrigane. Eg har ikkje sett heile familieformua mi bli utsletta av bankierane. Eg har ikkje sett — eg har ikkje sett ei rekje ting som nazistane brukte til å rettferdigjera tiltaka mot jødane i trettåra, svara Irving.

Og plasserer ansvaret for jødeutryddingane hos jødane.

Den tyske retten

I den grad det fant noko utrydding. Irving seier han «aksepterer at gassing skjedde, men ikkje i det omfang ein hevdar no». Ordet «gasskammer» vil han ikkje høre snakk om. Han meiner om lag 100.000 jødar døydde i Auschwitz, ikkje ein million, og at dei fleste omkom av svolt, alderdom, sjukdommar og andre årsaker. Utrydding med gass skjedde berre «i svært avgrensa omfang».

Intervjuaren i The Independent, Marianne Macdonald, spur Irving vil innromme at det Hitler gjorde mot jødane var gale.

— Eg vil ikkje gje deg noko lettint svart her og seie det var gale. Frå ein tysk, nasjonalistisk synsstad meinte dei å ha rett til å gjera dette, og dei fekk støtte frå heile det tyske folket.

«Ein perversitet»

David Irving er ein einsam og utstøttmann. Styresmakten i Tyskland, Austria, Italia, Australia og alle landa i Det britiske samveldet har erklært han uonskt. Han er frozen ut av historikarmiljøa. Han har aldri mott dei danske svigervoreforeldra sine; dei vil ikkje veta av han.

Har det nokon gong slått han at han har mista profesjonelliteten?

sjon, status og omdømme ved å forsvare Hitler — nettopp dei tinga som var det første Hitler tok frå jødane? Nei, svarar Irving, det har han ikkje tenkt på.

Eg har antisemitt? spør The Independent. Nei — ikkje enda, svarar Irving. Men kor kjem så desse synspunkta frå?

— Det er truleg ein perversitet. Et kjensle av å gå mot strømmen. Ein psykolog vil måtte svara på det. Men nokre gonger spør eg meg sjølv kva eg ville gjort i Nazi-Tyskland. Om eg var i den rette alderen ville eg truleg ha vore i motstandsørsla, seier David Irving, noko intervjuaren finn svært usannsynleg.

Vitne: Eichmann

Irving meiner Holocaust ikkje fann stad. Han forer ei rekje kjemiske argument, som at Auschwitz ikkje fekk store nok leveransar av koks til at ein million menneske kunne vore kremert i leiren. Og han forer eit sanningsvitne: Adolf Eichmann. SS-offiseren som organiserte jødeutryddinga i dei okkuperte områda.

David Irving har gått gjennom det som først att av krigsarkivet til Eichmann (som vart avretta i Israel i 1962). Det står det ikkje noko om gasskammer og krematorium. Men det står noko om eksperiment med bruk av gass i bussar. Det er det Irving kan akseptere som «gassing i svært avgrensa omfang».

Etter at Odd-Bjørn Fure tok han i kragen, har Hans Fredrik Dahl sagt og skrite at han tok litt hardt i da han utropte David Irving til «den fremste kildeskritikeren innen nazismens historie i dag». Han skulle heller ha skrite «en av de fremste».